



HJELMELAND
KOMMUNE

Sakspapir

Saksnr	Utval	Type	Dato
083/24	Areal- og forvaltningsutvalet	PS	12.09.2024

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svanhild Hjorteland Gbada	K2-U43	24/906

Dispensasjon frå kommuneplanens arealdel - Ankringslinjer for oppdrett i sjø, Kveite, Vassvik, Ølesundet

Vedlegg:

Fråsegn frå Statsforvaltaren - dispensasjon ankringsanlegg oppdrett A16 Vassvik - Ølesundet
Uttale frå Kystverket - dispensasjon ankringslinjer oppdrettsanlegg A16 Vassvik i Ølesundet
Dispensasjons søknad-arealplan Vassvik
Vedlegg 2 MOMBVassvik2023
Vedlegg 3 Sterling White_C_ASC-undersøkelse Vassvik 2022
Vedlegg 4 Posisjoner linefester
vedlegg 5 uttalelse fra lokal fisker
Vedlegg 6 Kartutsnitt_Vassvik
Høyring - søknad om dispensasjon ankringslinjer til oppdrettsanlegg A16 Vassvik i Ølesundet
Vassvik- ny tegning 19.08.24
Posisjoner linefester ny kofigurering 19.08.24
Svar til Buhammaren velforening
svar til Torjussen
Svar til Helgesen
Svar ang fortøyninger Kystverket

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune viser til dispensasjonssøknad frå Sterling White Halibut AS frå kommuneplanens arealdel for avvik i ankringslinjer for kveiteanlegg ut over avsett kombinert formål i sjø FFA -ferdsel, fiske og akvakultur - område ved A16 Vassvik, Ølesund - samt revidert anleggsskisse mottatt 19.08, som viser ei forskyving av overflateanlegget 30 m mot aust. Det gis dispensasjon frå avviket i ankringsområdet slik vist i kartfesta ankringspunkt vist i revidert skisse mottatt 19.08.24

Ein kan ikkje sjå at avviket i desse ankringspunkta fører til at omsyna til regionale/nasjonale interesser eller sjøverts ferdslar blir vesentleg tilsidesett.

Ein legg til grunn at sjølve overflateanlegget er i tråd med kommuneplanens arealdel, og blir etablert innanfor avsett akvakulturareal A16 Vassvik.

Føremonene for prioritert arealbruk i kommuneplanen/allereie etablert/godkjent næring akvakultur

vil vere større enn ulempene, då etablering av anlegget blir vanskeleggjer utan desse avvika.

Vilkår for å gi dispensasjon:

- 1.Fortøyingane skal ligge minimum 25 meter under gjennomsnittleg havnivå innanfor arealformålet farled/ferdsel
- 2.Fortøyingane skal ikkje kome i konflikt med eksisterande VA-anlegg i sjø.
- 3.Kommuneplanens § 32 om utarbeiding av konsekvensutgreiing blir lagt til grunn i den vidare prosess etter akvakulturlova, herunder fagkyndig naturmangfaldvurdering ift utviding av anlegget
- 4.Dispensasjonen er ikkje gyldig før det er gitt løyve til etablering av anlegget etter akvakulturlova.
- 5.Ved eventuelt funn av kulturhistorisk materiale under etablering som kan være vernet eller fredet gjelder stans- og meldeplikten jf kulturminnelova § 8 og 14
- 5.Alt utstyr på og under sjøoverflata, inkludert anker/boltar/andre installasjonar må fjernast etter endt drift

Hjelmeland, den 06.08.2024

Janne Johnsen
Kommunedirektør

Areal- og forvaltningsutvalet 083/24

AFU - behandling:

Behandling:

**Røysting
Samrøystes vedteke**

**AFU - vedtak:
Forslag til vedtak**

Hjelmeland kommune viser til dispensasjonssøknad frå Sterling White Halibut AS frå kommuneplanens arealdel for avvik i ankringslinjer for kveiteanlegg ut over avsett kombinert formål i sjø FFA -ferdsel, fiske og akvakultur - område ved A16 Vassvik, Ølesund - samt revidert anleggsskisse mottatt 19.08, som viser ei forskyving av overflateanlegget 30 m mot aust. Det gis dispensasjon frå avviket i ankringsområdet slik vist i kartfesta ankringspunkt vist i revidert skisse mottatt 19.08.24

Ein kan ikkje sjå at avviket i desse ankringspunkta fører til at omsyna til regionale/nasjonale interesser eller sjøverts ferdslar blir vesentleg tilsidesett.

Ein legg til grunn at sjølve overflateanlegget er i tråd med kommuneplanens arealdel, og blir etablert innanfor avsett akvakulturareal A16 Vassvik.

Føremønet for prioritert arealbruk i kommuneplanen/allereie etablert/godkjent næring akvakultur vil vere større enn ulempene, då etablering av anlegget blir vanskeleggjer utan desse avvika.

Vilkår for å gi dispensasjon:

- 1.Fortøyingane skal ligge minimum 25 meter under gjennomsnittleg havnivå innanfor arealformålet farled/ferdsel
- 2.Fortøyingane skal ikkje kome i konflikt med eksisterande VA-anlegg i sjø.
- 3.Kommuneplanens § 32 om utarbeiding av konsekvensutgreiing blir lagt til grunn i den vidare

prosess etter akvakulturlova, herunder fagkyndig naturmangfaldvurdering ift utviding av anlegget
4. Dispensasjonen er ikkje gyldig før det er gitt løyve til etablering av anlegget etter akvakulturlova.
5. Ved eventuelt funn av kulturhistorisk materiale under etablering som kan være vernet eller fredet gjelder stans- og meldeplikten jf kulturminnelova § 8 og 14
5. Alt utstyr på og under sjøoverflata, inkludert anker/boltar/andre installasjonar må fjernast etter endt drift

Samandrag

Sterling White Halibut AS søker om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for avvik i fortøyningsanlegg til nytt oppdrettsanlegg på lokalitet A16 Vassvik - Ølesund, sjå vedlagd søknad. Arealet der sjølve overflateanlegget skal etablerast er i kommuneplanen lagt ut som **akvakulturområde A16** der akvakulturanlegg er i tråd med kommuneplanen.

Utanfor akvakulturarealet er det avsett eit areal der ankringsanlegget skal etablerast, eit såkalla kombinert formål: **FFA: ferdsel, fiske og ankringsanlegg for Akvakultur**. Anlegget si fortøyning i sjøbotn vil strekkje seg noko ut forbi arealet FFA-formålet, og ut i avsett område for ferdsel i vest, og òg ut i fleirbruksformål i sjø (i sør og litt i nord) - Sjå skisse under. Det er "kun" dette **avviket** denne dispensasjonen dreier seg om.

Det som i hovudsak er relevant i denne dispensasjonssaken er forholdet til sjøverts ferdsel, for det er desse interessene som i følge kommuneplanen har prioritet utanfor Akvakultur og FFA-området.



Utsnitt frå kommuneplanens arealdel vedtatt i 2019:

Rosa areal: Akvakultur A16 Vassvik med følgjande føresegn: § 32 Akvakultur: *Innanfor formål akvakultur skal havbruksrelatert næring har prioritet, herunder fiskeoppdrett, havbeite og/eller produksjon av akvatiske organismer jf akvakulturloven. For etablering av nye anlegg innanfor framtidig akvakulturformål er det krav om utarbeiding av KU til søknad etter Akvakulturlova. Det er òg ei retningslinje om at det er kveite som skal vere på A16 + retningslinjer om kommunal behandling av konsesjonsaker etter oppdrett/akvakulturlova og avstand frå land.*

Skravert lysblått areal utanfor A16: Kombinerte formål ferdsel, fiske og akvakultur FFA med føresegn § 33: *Innanfor kombinert formål i sjø td FFA ferdsel, fiske, akvakultur er ikkje anlegg i sjøoverflata tillatt. Førtøyningsanlegg under sjøoverflata til akvakulturanlegg kan tillast på vilkår av 1) at førtøyningsplan blir vurdert opp mot dei andre interessene innanfor området 2) at ein sikrar fri ferdsel for småbåt på innsida langsmed land og 3) at sektormyndigheitene gir løyve*

Mørkeblått areal: Ferdselsområde i sjø med farled. Retningslinje: areala skal haldast opne for fri ferdsel for rutegåande trafkk og transport

Partar i saka:

Sterling White Halibut

Fakta


Kartutsnitt ovanfor viser omsøkte ankringslinjer stild saman med kommuneplanens arealdel. Ankringslinjene mot sjødjupet går ut i området avsett til andre formål.

Utdrag frå Sterling White Halibut sin søknad:

“Det eksisterende anlegget vil dreies mot øst og legges parallelt med akvakultur flate. 8 nye merder vil legges til på sør-enden av anlegget; total 20 merder . Etter ny konfigurasjon vil hele anlegget fremdeles være innenfor grensen av område avsatt av Hjelmeland kommune til akvakultur, mens 21 av totalt 36 fortøyninger vil ligge utenfor området som omfavner akvakulturflaten. Alle ankerlinene mot nordvest i ny konfigurasjon er boltet i fjell på ca. 70m dyp. Horisontal lengde på forankringslinene er 180m for line 27, 250m for line 22 og 245m for line 16. Følgelig vil alle fortøyninger uten akvakulturflaten ikke være synlig i overflaten eller være til hinder for andre som oppholder seg i båt eller annet fartøy i området. Anlegget som er visuelt synlig på overflaten, er innenfor regulert område”.

Endring i søknad etter høyringa:

Som respons på høyringsrunden har Sterling White Halibut endra noko på søknaden:



Endra søknad mottatt 19.08: Anlegget er parallellforskyvd ca 30 meter mot aust slik at arealet i sundet blir meir ope. Ankringsboltane i botn vil vere på same stad, men ankringslinene langs sjøbotnet blir lengre - vil ikkje berøre overflaten, og td vil moglegheitene for fiske/ferdsel med fritidsbåtar bli romslegare. Dette er òg gjort av omsyn til straumforholda. Blåsene i overflata vil såleis bli liggjande innanfor areal som er avsett til akvakultur, noko som er ei føremon ift sjøverts ferdsl i sundet.

Lovar, føresegner, rundskriv

Dispensasjonar blir behandla etter **plan-og bygningslova kap 19**. Utdrag frå loven:

§ 19-1.Søknad om dispensasjon

Dispensasjon krever grunngitt søknad. Før vedtak treffes, skal naboer varsles på den måten som nevnt i § 21-3. Særskilt varsel er likevel ikke nødvendig når dispensasjonssøknad fremmes samtidig med søknad om tillatelse etter kapittel 20, eller når søknaden åpenbart ikke berører naboens interesser. Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.

§ 19-2.Dispensasjonsvedtaket

Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av

denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt.

Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler. Ved dispensasjon fra loven og forskriften til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, jordvern, sikkerhet og tilgjengelighet

I denne saken er det avviket i ankringslinjer som blir vurdert; ikkje lokaliteten som sådan. Det kjem i påfølgjande sak etter akvakulturlova.

Økonomiske konsekvensar

For kommunen ingen kjende.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Kommuneplanens arealdel vedtatt 2019 med tilhøyrande føresegner og retningslinjer. Sjå utklipp frå plankart ovanfor, der avviket frå kommuneplanen er forklart.

Konsekvensar for naturmangfald, klima og miljø

Søkjar har lagt med to miljøundersøkingar etter MOM-konseptet og ASC-standard, datert 2021 og 2023, som viser god miljøtilstand og levande bunnfauna. Dette er imidlertid ei kartlegging av tilstand og ikkje ei naturfagleg utgreiing av ankringa si påverknad på eventuelt naturmangfald. Fortøyingane er boltar i fjell i botnet, og medfører såleis etter måten lite inngrep - elles er det liner med lodd langs botnen i sjø opp mot overflateanlegget. Det er såleis moglegvis rimeleg å anta at avviket i sjølve ankringa (dvs det at linene som går utanfor avsett område) er akseptabelt ift miljøomsyn. Det er truleg anlegget i seg sjøl som utøver den største miljøpåverknad, og ein til grunn at omsynet til naturmangfald og miljø blir ein del av ei påfølgjande konsekvensutgreiing i samband med søknad om løyve etter akvakulturlova. Det vil såleis òg bli eit svar på innkomne merknader om miljøpåverknad.

Konsekvensar for barn, unge, eldre, folkehelse og menneske med nedsett funksjonsevne

Kan ikkje sjå desse omsyna blir berørt.

Vurdering av universell utforming

Ikkje relevant.

Innkomne uttalar

Søknaden er ikkje særskilt varsla til eigarar på land pga avviket frå kommuneplanen går utover i fjorden/ned i djupet, og ein kan ikkje sjå at lovens krav til nabovarsling slår ut her. Men søknaden er kunngjort på kommunen si nettside.

Kystverket:

Kystverket er ikkje kjent med at anlegget på lokaliteten eller fortøyingane har vore til hinder for skipstrafikken i området. Kystverket går ikkje i mot at kommunen gir dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, men vi rår til at Hjelmeland kommune har føresegner som sikrar at fortøyingane skal ligge minimum 25 meter under gjennomsnittleg havnivå når fortøyingane kjem inn i arealformålet farlei og ferdsel eller kombinert formål med farlei og ferdsel. Ein akvakulturlokalitet med anlegg, fôrflåte og fortøyingar skal ikkje vere til hinder for farleiene og merkesystemet i farvatnet. Kystverket gjer merksam på at ei anleggsendring er avhengig av løyve etter havne- og farvannslova § 14, og søknadspliktig etter akvakulturregelverket

Kommunedirektøren sin kommentar:

Tilrår at kystverket sitt vilkår blir imøtekome, sjå forslag til vedtak. Sterling White Halibut stadfester at dette vilkåret lar seg imøtekome.

Statsforvaltaren : ingen merknader

Stavanger Maritime Museum: kjenner ikke til skipsfunn eller automatisk fredete kulturminner som berøres av omsøkt tiltak. Vi vurderer at det ikke er nødvendig å gjennomføre en arkeologisk registrering. Vår uttalelse er at vi ikke har merknad til omsøkt tiltak, og vi gjør oppmerksom på stanse- og meldeplikten.

Rogaland fylkeskommune: ingen merknader, men minner om stanse- og meldeplikten til tiltakshaver, dersom det kommer frem kulturhistorisk materiale under etableringen av ankringsanlegget.

Bjørn Torjussen, eigar av 72/3 Vassvika: er imot utviding av anlegget pga miljøforholda ift auke/dobling av produksjon, det må gjerast grundige undersøkingar før produksjonsauke, Ber om at det ikkje blir gitt dispensasjon til ankringsanlegget.

Kommunedirektøren sin kommentar: det er kun avviket i ankringspunkt som blir vurdert i denne samanheng. Ein er enig i at miljøforholda ift ei utviding av produksjonsmassen må undersøkast, sjå forslag til vilkår for dispensasjonen.

Reidar og Thomas Helgesen, eigarar av gnr 1 bnr 2, Hetlevik, Randøy og William Førre eigar av 72/4, Buhammar: er imot utviding av anlegget av omsyn til rekreasjon, estetikk, turisme, støy, miljø og fiske. Påpeiker at det blir mange ankringspunkt og mange ankringsbøyar i overflata ut i Ølesundet. **Kommunedirektøren sin kommentar:** mesteparten av synspunkta går på konsekvensar av flytting/utviding av anlegget, ikkje på ankringspunkta i sjøbotn som sådan. Sjå elles Sterling White Halibut sitt forslag til forskyving av anlegget forslag til vilkår for dispensasjonen.

Buhammaren hytte-og båtforening:

Er kritisk til auke i volum/utviding av anlegget pga miljøforholda i sjøen. Ber om faglege vurderingar på økosystemet før løyve til utviding blir gitt, ta omsyn til fritidsfiske og hindre konflikt ift VA-anlegg i sjø frå hyttefeltet.

Kommunedirektøren sin kommentar: mesteparten av synspunkta går på konsekvensar av flytting/utviding av anlegget, ikkje på ankringspunkta i sjøbotn som sådan. Sjå elles Sterling White Halibut sitt forslag til forskyving av anlegget og forslag til vilkår for dispensasjonen.

Kystfiskarlaget Sørvest v/ Langvik (representant for lokale fiskarar): ingen negativ innvendinger til disse planene. Fiskeriinteressene i dette området er lave. På grunn av sterk strøm gjennom Ølesundet er det vanskelig å fiske med passiv redskap og flere ankerfester i dette området som allerede har ankerfester i forbindelse med eksisterende anlegg vil uansett ikke ha en betydning. Dialog er nå opprettet med SWH - slik at vi fiskere også kan se nøye på planene for utbyggingen til SWH - og komme med synspunkter - råd og meninger til etableringen av merd og fortøyninger

Fiskeridirektoratet, Fiskarlaget og Lnett fekk søknaden på høyring men har ikkje sendt uttaler.

Viser elles til Sterling White Halibut sine svar på innkomne merknader, sjå vedlegg.

Vurdering og konklusjon

Saka dreier seg om avviket i fortøyningslinjene utanfor avsett område i kommuneplanen, og ikkje om lokaliseringa og løyve til etablering som sådan på denne staden. Sjølv oppdrettsøknaden er det Rogaland fylkeskommune som behandlar etter regelverket i Akvakulturlova. Kommunen sin rolle i den saksprosessen er kunngjere og sørge for offentlig høyring av den konkrete søknaden om løyve til etableringa. Fylkeskommunen samordnar søknaden òg etter anna lovverk og ift til andre andre

sektormyndigheiter og interesseavklaringar. Det er òg fylkeskommunen som gir, eller avslår, løyve til etablering.

I denne søknaden er det avklaring ift arealformål i kommuneplanens arealdele som skal avklarast, og ein må **vurdere plan og bygningslova sine krav ift dispensasjonar:**

§ 19-1:

Grunngjeving for søknaden er at det allereie er ein godkjent lokalitet på staden som har vore i drift her i mange år: det er naturleg/hensiktsmessig å fortsetje på same staden der ein òg har ein landbase, og der arealet **akvakultur** er avklart i kommuneplan.

§ 19-2 - første ledd: *Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.*

Det å setje vilkår kan vere relevant; td Kystverket sitt krav om at fortøyingane skal ligge minimum 25 meter under gjennomsnittleg havnivå når fortøyingane kjem inn i arealformålet farlei og ferdsel eller kombinert formål med farlei og ferdsel.

§ 19-2 - andre ledd : *“Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt”.*

I dette tilfellet går avviket i ankringslinjer ut ferdelsområde i sjø, der sjøverts ferdsel er prioritert, sjå uttale frå Kystverket.. Kystverket aksepterer dispensasjonen på visse vilkår. Nasjonarle/regionale interesser blir ikkje vesentleg tilseidesett, og såleis er lovens krav ift andre ledd oppfylt.

§ 19-2 - forts andre ledd: *Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.*

Dette ser ein i lys av dei meir heilskapleg samfunnsmessige interesser i området. Kommuneplanen legg utvetydig opp til at det dette området skal kunne etablerast akvakulturanlegg: arealet er avsett til formålet både i sjø og på land (basen). Havbruksnæringa er definert som ei av dei viktigaste næringane i Hjelmeland kommune, noko som òg er nedfelt i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Ein legg til grunn at det er samfunns-og næringsmessige interesser for at det let seg gjere å etablere nettopp akvakultur akkurat her . Så lenge nasjonale interesser ift formålet ikkje blir vesentleg tilsidesett, vurderer ein det som at føremonene med å avvike noko på nokre av ankringspunkta ned i sjø (som trass alt er eit lite avvik i den store samanhengen) er større enn ulempene.

Dette med ankringsareal i kommuneplanen var noko nytt ved siste kommuneplanrevisjon; i tidlegare arealplanar har det kun vore avsett areal til overflateanlegg - ikkje arealbehov ift ankring.

Kommuneplanlegging skjer på eit grovt/overordna nivå, og ikkje på eit detaljert prosjekteringsnivå ift driftstekniske løysingar slik som nå - det er såleis ikkje lett å ta høgde for eksakt arealbruksbehov i planen.

Kommunen skal òg vurdere kommuneplanens føringar for arealbruk i området:

Akvakultur med føresegn § 32: *“Innanfor formål akvakultur skal havbruksrelatert næring har prioritet, herunder fiskeoppdrett, havbeite og/eller produksjon av akvatiske organismer jf akvakulturloven. For etablering av nye anlegg innanfor framtidig akvakulturformål er det krav om utarbeiding av KU til søknad etter Akvakulturlova”,* med tilhøyrande retningslinjer - sjå ovanfor.

Ein legg til grunn at kommuneplanens krav om utarbeiding av konsekvensutgreiing blir fulgt opp i den vidare prosess etter akvakulturlova, og tilrår at dette blir lagt inn som eit vilkår for dispensasjon

Kombinert formål i sjø FFA med føresegn § 33 ferdsel fiske og akvakultur : *“Innanfor kombinert formål i sjø td FFA ferdsel, fiske, akvakultur er ikkje anlegg i sjøoverflata tillatt. Førtpøyningsanlegg under sjøoverflata til akvakulturanlegg kan tillast på vilkår av 1) at førtpøyningsplan blir vurdert opp mot dei andre interessene innanfor området 2) at ein sikrar fri ferdsel for småbåt på innside*

langsmed land og 3) at sektormyndighetene gir løyve”

Såvidt ein kan sjå er vilkåra her oppfylt; 1) fortøyninga er vurdert opp mot andre interesser; jf høyring til relevante myndigheiter 2) ein kan ikkje sjå at avviket i ankringslinjene hindrar fri ferdsel langs land. Uansett vil akvakulturlova sine reglar frå ferdselsforbod frå anlegget gjelde, 3) sektormyndigheiter er her høyrd og ein har fått aksept for avviket frå dei mest relevante myndigheiter som i dette tilfellet er Kystverket. Dispensasjon vil sjølvstøtt ikkje vere gyldig før eit eventuelt løyve etter akvakulturlova er gitt, der òg sektormyndigheiter skal uttale seg.

Oppsummering og konklusjon.

Kommunedirektøren meiner at lovens krav til å kunne gi dispensasjon i dette tilfellet er oppfylt og at ein finn det samfunnstenleg å gi dispensasjon til avvik i ankringslinjer.